



Angreskjema til bruk ved fjernsal og salg utanfor faste forretningslokale av finansielle tenester (nynorsk) side 1 av 2.
Dette skjemaet er obligatorisk etter forskrift om opplysningsplikt og angrerett av 20. juni 2014 fastsett av Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet med heimel i lov om opplysningsplikt og angrerett mv. ved fjernsalg og salg utenfor faste forretningslokaler (angrerettlova) § 33.

DU HAR ANGRERETT 14 DAGAR (EV. 30 DAGAR)

Etter angrerettlova kan du som hovudregel gå ifrå avtalar som du har inngått med den næringsdrivande utan at de har møtst fysisk (**fjernsal**), til dømes avtalar gjorde per e-post, telefon eller vanleg post, og avtalar som du har inngått med den næringsdrivande ved dørsal, messesal, gatesal osb. (**utanfor faste forretningslokale**). **Du må nytte angreretten seinast 14 dagar etter at avtalen er inngått og du har fått alle opplysningar som angrerettlova krev, og på den måten som lova krev.** Ved fjernsal av livsforsikring og individuell pensjonsordning (IPS) er fristen 30 dagar. Sal utanfor faste forretningslokale av livsforsikring og IPS følgjer hovudregelen om 14 dagars angrerett. Du treng ikkje grunngi kvifor du nyttar angreretten.

Du må gi den næringsdrivande melding om at du vil nytte angreretten før fristen går ut. Dette kan du gjere på kva som helst slags måte. Vi rår til at du nyttar dette skjemaet. Du har overhalde fristen om du har sendt meldinga før fristen har gått ut (til dømes postlagt angreskjemaet, sendt meldinga per faks, e-post, via nettbank o.l.). Du bør sørge for at du kan dokumentere dette.

Skal fyllast ut av den næringsdrivande:		
Namnet til næringsdrivande	Organisasjonsnummer	
Adresse	Telefonnummer	
E-postadresse		
Fødselsdatoen til kunden	Avtalenr./referansenr.	
Kva slags tjenester		
Avtalen vart inngått den (dato)	Angreskjemaet vart levert (dato)	
Skal fyllast ut av forbrukaren og sendest til den næringsdrivande. Eg nyttar meg av angreretten.		
Angreskjemaet fekk eg (dato)		
Namnet til kunden		
Adresse		
Telefonnummer privat	Telefonnummer jobb	Mobil
E-postadresse		
Dato	Underskrift	

Er det inngått ein rammeavtale etterfølgd av separate operasjonar eller oppdrag, gjeld angrerettlova berre for den innleiande rammeavtalen. Eit døme kan vere at du ved fjernsal inngår avtale om nettbank. Opplysnings- og angrerettsreglane gjeld då for nettbankavtalen, men ikkje for dei etterfølgjande betalingsoppdraga.

Utgangspunktet for angrefristen

Fristen skal reknast frå det tidspunktet avtalen vart inngått, og ved livsforsikringsavtalar frå du har fått melding om at avtalen er inngått. Du må også ha fått alle opplysningane som angrerettlova krev, og på den måten som lova krev. § 28 i angrerettlova gir informasjon om kva slags

førehandsopplysningar du skal få ved fjernsal.

Opplysningar om lova kan du få hos den næringsdrivande, Forbrukerrådet

[https://www.forbrukerradet.no/wp-content/uploads/2015/10/veileder-til-](https://www.forbrukerradet.no/wp-content/uploads/2015/10/veileder-til-angrerettloven.pdf)

[angrerettloven.pdf](https://www.forbrukerradet.no/wp-content/uploads/2015/10/veileder-til-angrerettloven.pdf) eller du kan lese henne på Internett <http://www.lovdata.no>

Dersom du gjer fleire separate transaksjonar av same typen med mindre enn eitt års mellomrom utan at det ligg føre ein innleiande avtale om tenesta, gjeld opplysningsplikta berre for den første transaksjonen.

Nokre finansielle tenester har skattemessige fordelar. Nyttar du angreretten, vil du ikkje kunne krevje slike skattemessige frådrag. Til dømes vil du ved låneavtalar ikkje kunne krevje frådrag for anna enn eventuelle netto betalte renter, etableringsgebyr o.l. Dersom du nyttar angreretten ved t.d. BSU og IPS, vil du ikkje kunne krevje frådrag for innskotet.

Ved fjernsal skal du ha dei fullstendige avtalevilkåra i rimeleg tid på førehand, jf. angrerettlova § 30. Dersom avtalen blir inngått etter oppmoding frå deg, og det blir nytta ein fjernkommunikasjonsmetode som ikkje gjer det mogleg å gi ut avtalevilkåra og førehandsopplysningar før avtalen blir inngått, skal den næringsdrivande oppfylle sine plikter straks etter at avtalen er inngått. Med fjernsal meiner ein avtalar som blir inngåtte heilt utan at du og representanten for den næringsdrivande møtest ansikt til ansikt, t.d. avtalar som er inngåtte på Internett, ved e-post, telefon, faks, SMS eller ved vanleg post. For at noko skal kunne reknast som fjernsal etter lova, må avtalen bli inngått ved ei organisert ordning for sal eller tenesteyting

Førehandsopplysningar og avtalevilkår skal du få skriftleg på papir eller eit anna varig medium som du rår over (som t.d. e-post som kan skrivast ut, eller som automatisk blir lagra på harddisken til forbrukaren). Ved sal utanfor faste forretningslokale krev angrerettlova at den næringsdrivande gir deg dei opplysningane som er nemnde i angrerettlova § 28 bokstav j) og k), på eit varig medium du rår over. Med avtalar som er inngåtte utanfor faste forretningslokale meiner ein t.d. avtalar som er inngåtte på messer, gata osv. Også avtalar som er inngåtte i heimen din, fell inn under lova, men berre dersom representanten for den næringsdrivande

kjem dit utan at du uttrykkjeleg har bede om det, eller det blir inngått avtalar utover det du hadde tenkt på då du bad den næringsdrivande om å kome heim til deg.

Oppgjer ved bruk av angreretten

Dersom du nyttar deg av angreretten, fell plikta til partane om å oppfylle avtalen bort. Dersom avtalen heilt eller delvis er oppfylt av nokon av partane, skal det skje ei tilbakebetaling.

Angrerett ved fjernsal

Tilbakeføring må du gjere seinast 30 dagar etter at du har sendt meldinga om at du vil nytte angreretten. På same måten må den næringsdrivande seinast 30 dagar etter at han eller ho fekk meldinga om bruk av angreretten, betale tilbake vederlaget du har betalt for sjølve tenesta.

Etableringsgebyr/depotgebyr o.l. frå den næringsdrivande vil du derimot ikkje ha krav på å få tilbake. Det same gjeld beløp som du har betalt gjennom den næringsdrivande, men til andre, til dømes honorar til takstmann, tinglysningsgebyr o.l. Dersom du har inngått ein avtale om fjernsal og uttrykkjeleg har bede om at avtalen skal setjast i verk før angreretten går ut, kan den næringsdrivande krevje vederlag for den tida du har nytta den finansielle tenesta. Vederlaget må stå i rimeleg forhold til omfanget av den tenesta som allereie er levert, samanlikna med den fulle oppfyllinga av avtalen.

Angrerett ved sal utanfor faste forretningslokale

Den næringsdrivande må betale tilbake det du har betalt seinast 14 dagar etter at den næringsdrivande har fått meldinga om bruk av angreretten. Deretter må du betale tilbake / levere tilbake den ytinga du har fått som ledd i avtalen innan rimeleg tid. Dersom tilbakeføringsplikta til begge partar gjeld pengar, kan den næringsdrivande gjere nettooppgjjer.

Konsekvensar av ikkje å nytte angreretten

Dersom du ikkje nyttar deg av angreretten, vil avtalen vere bindande for begge partar, slik han vart inngått. Ver likevel merksam på at for ei rekkje avtalar vil du likevel ha høve til å avslutte avtaleforholdet når som helst, uavhengig av angrerettlova. Det er regulert i finansavtalelova og forsikringsavtalelova

Forbrukerrådet kan gi rettleiing om angrerett, tlf. 23 400 500. Internett-adresse til Forbrukerrådet si rettleiing om angrerett:

<https://www.forbrukerradet.no/wp-content/uploads/2015/10/veileder-til-angrerettloven.pdf>